

---

Saksnr: 2020/1931-42  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		02.06.2020

**Vestland fylke - samkøyring av TT-ordninga frå 2021**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å ta del i det vidare arbeidet når det gjeld samkøyring av TT-ordninga i Vestland fylke.

Samandrag

Samferdselsdepartementet har pålagt fylkeskommunane å organisera ei ordning for tilrettelagt transport for personar som av ulike orsakar ikkje kan nytta det ordinære kollektive transporttilbodet.

Ordninga vert kalla TT-ordninga. Ved samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland til Vestland fylkeskommune, må det leggjast til rette for ei felles organisering av denne ordninga. Inntil vidare er det retningslinene i dei tidlegare fylka som er gjeldande, men arbeidet med å samkøyre ordninga er starta opp og skal vera gjennomført 01.01.2021.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Samferdselsdepartementet har pålagt fylkeskommunane å organisera ei ordning for tilrettelagt transport for personar som av ulike orsakar ikkje kan nytta det ordinære kollektive transporttilbodet.

Ordninga vert kalla TT-ordninga. Føremålet med ordninga er å gi eit transporttilbod til menneske med varig nedsett funksjonsevne slik at dei skal kunne delta i sosiale aktivitetar. Ordninga skal primært gjelde for fritidsreiser, og til reiser som ikkje vert dekkja av andre ordningar.

Sogn og Fjordane og Hordaland har praktisert denne ordninga ulikt. Arbeidet med å samkøyre TT-ordninga er starta opp og skal vera gjennomført innan utgangen av 2020.

I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt regelverk er ansvaret for sakshandsaminga og vedtak om å godkjenne brukarar, samt tildeling av kvotar, delegert til den enkelte kommune. Kommunane er også klageinstans ved avslag av søknaden. Tildeling av midlane til kommunane vart fordelt slik at 80% vart fordelt utifrå innbyggjartal og 20% utifrå avstand innbyggjarane bur frå sentrum i kommunen. Sogn og Fjordane fekk ta del i den statlege utvida ordninga i 2017 - ei ordning der fylkeskommunen fordeler midlar til aktuelle brukarar.

I tidlegare Hordaland fylkeskommune blir alle søknadane for TT-ordninga handsama i fylkeskommunen. Ei legenemnd rettleiar i sakshandsamingsprosessen, og klagehandsaminga ligg hjå fylkeskommunen. Klager på avslag om brukargodkjenning går såleis til den fylkeskommunale klagenemnda for endeleg avgjerd. I forskrift om transportordninga for funksjonshemma er det fastsett kvotar for ulike brukargrupper. Hordaland fekk ta del i den statlege utvida TT-ordninga hausten 2019.

I tidlegare Hordaland er det omlag 12.000 brukarar av TT-ordninga, og der ca. 3.400 er såkalla tunge brukarar. I tidlegare Sogn og Fjordane er det nærare 4.000 brukarar, av desse ca. 450 rullestolbrukarar og blinde/svaksynte som får delta i den utvida ordninga.

Når ein no er vorten ein fylkeskommune, er det naturleg å få ei felles organisering av TT-ordninga. I Vestland fylke skal det kjøpast inn nytt system for kort-leveranse frå januar 2021. Konkurransesgrunnlaget vert sendt ut i løpet av 2020. Det er forventa at det nye systemet og endring i sakshandsaminga gjennom m.a. høgare digitaliseringsgrad vil føra til redusert sakshandsamingstid. Det er også under utarbeiding ei ny forskrift for TT-ordninga i fylket. Forskrifta skal på høyring til organisasjonar og kommunar, og vil bli lagt fram for politisk handsaming i desember 2020. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkeseldrerådet i Vestland vil bli invitert inn i det vidare arbeidet.

Konklusjon

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å ta del i det vidare arbeidet når det gjeld samkøyring av TT-ordninga i Vestland fylke.